



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tord Bakke, 5557 2377  
Svein Kornerud, 5557 2027

Vår dato  
23.04.2014  
Dykkar dato  
26.03.2014

Vår referanse  
2011/8131 421.0  
Dykkar referanse  
14/3100

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo

### **Uttale til søknad om forsøk innan differensiert strandzoneforvalting**

Vi viser til departementet sitt brev av 26.03.2014, der Fylkesmannen i Hordaland vert beden om å uttale seg til søknaden frå kommunane i Sunnhordland om forsøk innan differensiert strandzoneforvalting.

Fylkesmannen i Hordaland er positiv til at det pågående pilotprosjektet for kommunane i Sunnhordland vert gjort ferdig med utarbeiding av interkommunal plan for strandsona i kommunane, og at vi vinn erfaring med forvaltning etter planen, slik Samarbeidsrådet for Sunnhordland søkte om i brev av 15.02.2010.

Fylkesmannen i Hordaland er representert i arbeidet med den interkommunale planen for strandsona i Sunnhordland og Fusa og kjenner prosessane godt i det arbeidet som har vore gjort.

Det har vore mange utfordringar underveis i planarbeidet. Det har medført at det har teke lang tid. Planarbeidet synest no å ha kome godt i gang og er inne i eit fruktbart spor. Vi meiner det er naturleg at forsøksperioden som går ut 2014 vert utvida slik at planen kan ferdigstillast, setjast ut i livet og verte evaluert.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland la til grunn for søknaden i 2010 at:

- regionen får teste ut forvaltning etter planen over fire – fem år
- arbeidet vert evaluert, gjerne gjennom følgjeforsking.

Då planarbeidet ikkje har gått så raskt som forventa, er det naturleg å forlengje prosjektet slik at det kan verte gjennomført slik det opphavleg vart søkt om. Vi meiner generelt at det er for tidleg å konkludere eller utvide omfanget av prosjektet ettersom planen er enno ikkje ferdig og soleis ikkje implementert i kommunane si planhandsaming.

Dessutan reiser dei einskilde punkta i søknaden ein del konkrete problemstillingar som vi kort vil kommentere.

Kommunar som inngår i «*Interkommunal strandzoneplan for Sunnhordland*» vert permanent plassert i kategori 3 - områder med mindre press på areala, i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen

Dei aktuelle kommunane som arbeider med interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland blir i dei eksisterande statlege retningslinene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø omfatta av område med mindre press på areala, jmf. punkt 7.1 i retningslinene. Her heiter det vidare, jmr. side sju:

*«Kommunene Austevoll, Bømlo, Fitjar, Stord, Sveio og Tysnes plasseres i denne kategorien i en prøveperiode, da Sunnhordland er pilotregion for differensiert strandsoneforvaltning. I 2014 vurderes disse på nytt.»*

Dei momenta om dei stadlege tilhøva som er nemnde i søknaden, er nettopp ein del av bakgrunnen for vurderingane om differensiert forvaltning av strandsona og er innarbeidd i det planarbeidet som no skjer i regi av kommunane. Planen vil altså gje ei meir finmaska inndeling av planområdet og legge premissar for korleis områda skal vurderast når det gjeld press og høve for utbygging.

Ettersom planarbeidet har vorte forsinka, finn vi det naturleg at kategoripllasseringa vert vurdert når ein har hausta erfaring med bruken av planen og evaluert denne. Situasjonen kan då vel gjerne vere slik at det er naturleg at pllasseringa i denne kategorien vert gjort permanent.

#### Innanfor planområdet til interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland skal ikkje plan- og bygningslova § 1-8 om forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen gjelde

Dette er eit interkommunalt planarbeid kor også regionalt nivå med Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland deltek. I planarbeidet har vi mellom anna kome fram til semje om grunnleggjande vurderingsgrunnlag, sjá forstudien av 2010. Det er av stor verdi at både kommunane, regionalt og statleg nivå er samde om kva vi legg til grunn for vurderingane, og i størst mogleg grad om praksisen for forvaltninga av strandsona. Det er mellom anna dette Samarbeidsrådets søknad av 15.02.2010 byggjer på. Måla som er skisserte i denne søknaden, er å få ned talet på søknadar om dispensasjonar, få ei berekraftig forvaltning av strandsona og ei felles plattform for kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen for forvaltninga og lovtolkinga. Dét ligg og til grunn i tilbakemeldinga frå departementa i 2010. Departementa er der positive til ei heilskapleg vurdering i ein interkommunal plan innan plan- og bygningslova og dei overordna retningslinene.

Plan- og bygningslova § 1-8 oppstiller forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag, og er eit generelt forbod, med nokre få generelle unntak, mot tiltak i denne sona. Det er likevel slik at regelen gjev opning for å fastsetje andre byggjegrenser enn 100 meter, det vil seie å leggje til rette for ei differensiert handsaming av byggjegrensa i denne sona. Det er nettopp det som er hovudformålet med pilotprosjektet i dei aktuelle sunnhordlandkommunane, det vil seie gjennom plan å få til ei slik differensiering som er bygd på ei berekraftig forvaltning av strandsona.

Dersom plan- og bygningslova § 1-8 ikkje skal gjelde i det området den interkommunale planen femner om, vil vi tru det er ei sak for lovgjevar. I alle fall vil ei slik ordning føre til at det ikkje vil vere noka sentral, overordna lovgjeving for dette området, der kommunane heilt fritt vil kunne disponere alt landskap som i dette tilfelle i det alt vesentlege vil være LNF-område. Kommunanes råderett over arealet i strandsona meiner vi må utøvast gjennom god

planleggjring, der det i den aktuelle regelen i plan- og bygningslova altså er gitt høve til å fastsetje unntak frå forbodet mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjøen.

Vi meiner at dei tilhøva som vert tekne opp i søknaden av 14.03.2014, er naturlege element i dei vurderingane som vert gjort i den interkommunale strandsoneplanen og at problemstillingane vert handsama som del av planarbeidet.

Vi nytter også høvet til å gjøre merksam på at strandsona i Sunnhordland ikkje på noko tidspunkt, korkje i praktisk handsaming eller i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvalting av strandsona, har vore vurdert på same måten som i Oslofjorden. Fylkesmannen i Hordaland har alltid lagt ei differensiert forståing til grunn ved handsaming av strandsone-spørsmål.

### Bygging for rekreasjonsføremål i strandsona

Dette er også eit tema som hører inn under det interkommunale planarbeidet i Sunnhordland og blir vurdert der.

Det er ei overordna målsetting at flest mogleg skal kunne ferdast i strandsona og nytte den mellom anna til bading og soling. Det gjeld naturleg nok også eigalarar av naust. Det soleis heller ikkje i dag noko til hinder for at nausteigarar kan nytta naust og bryggjer til «*anna rekreasjon som bading, soling og sosiale samkome*», slik det kjem frå av kommunane sitt ønskje i søknaden av 14.03.2014.

Dersom dei aktuelle kommunane meiner det bør leggjast ei vesentleg endring i forståinga av kva eit naust skal vere, dvs. skilje mellom naust og fritidsbustad i strandsona, råkar det heilt grunnleggjande føresetnadene for forsøksprosjektet og planarbeidet. I analysen som var gjennomført i regi av Sunnhordlandsrådet som forstudie til planarbeidet, vart det ved kartlegginga av tilgjengeleg strandsone ikkje lagt inn noko privat sone rundt naust. Det vil seie at ein la til grunn at naust er uthus som ikkje har utprega privatiserande effekt på området rundt.

Dersom dei aktuelle kommunane med dette punktet meiner det bør fastsetjast eit anna skilje mellom naust og fritidsbustader i strandsona, er det eit spørsmål som bør få si løysing anten gjennom ny lovgjeving eller departementale instruksar. I denne samanhengen kjem også opp tilhøvet til friluftslova og dei rettane som der er etablerte for fri ferdsle og allemannsretten.

### Motsegn skal vere koordinert og vurdert av eit samlande organ på regionalt nivå

I søknaden av 14.03.2014 går det fram at motsegnsforsøket, der Hordaland fylkesmannsembete er ein av deltakarane, bør utvidast til å gjelde samtlege motsegner, uavhengig av kven som reiser dei, og at nasjonale interesser må dokumenterast gjennom nasjonale standardar. Samstundes vert det peika på at motsegner ikkje kan fremjast med mindre tilhøvet den omfattar, utgjer eit dokumentert brot på normer fastsette av nasjonale planstyresmakter. Same prinsipp må gjelda for regionale interesser.

Fylkesmannen er fullt ut samd i det som her vert skildra som grunnlag for å fremja ei motsegn. Det er plan- og bygningslova si ordning og eitt av kjernekjerna i forsøket og i dialogen vår med andre statlege motsegnssystemer, nemleg at motsegnene skal ha eit klårt heimelsgrunnlag.

Motsegnsprosjektet starta 01.09.2013, og Fylkesmannen har allereie gode røynsler med prosjektet. I dialog med og mellom kommunane og statlege motsegnssorgan er det funne minnelege løysingar på alle spørsmål som til no kunne ha enda med ei motsegn.

På grunnlag av dei gode røynslene har vi også i brev av 17.01.2014 gjeve kommunane i Hordaland tilbod om utvida dialog i eldre plansaker med statlege motsegner. Fylkesmannen i Hordaland ønskjer å prøve ut dei moglegheitene som er i samordningsprosjektet og evaluere desse. Forsøksprosjektet med samordning av statlege motsegner varer fram til 01.09.2016 og vert gjennomført og evaluert etter eigne prosessar.

Når det gjeld spørsmålet om at motsegnsprosjektet bør utvidast til å gjelde samlede motsegninstansar, er Fylkesmannen også heilt samd. I dag omfattar forsøket samlede statlege motsegnssorgan i fylket, uavhengig av om organet har forvaltingseining i fylket eller ikkje. Dei to motsegnssorgana som ikkje er omfatta, er nabokommunane til plankommunen og fylkeskommunen når det gjeld dei motsegnene fylkeskommunen kan fremja. Fylkesmannen i Hordaland søkte opphavleg om at forsøket også skulle omfatta kulturminnespørsmål, men desse vart ikkje omfatta av noko prosjekt i dei seks fylkesmannsembeta som tek del i prosjektet. Vi har på sist fylkesmannsmøte på nytt reist spørsmålet til kommunal- og moderniseringsministeren om at eventuelle motsegner innan kulturminnefeltet også blir omfatta av prosjektet, for at kommunane skal møte eitt organ som koordinerer statlege interesser. Kommunar har varsla oss om at dei finn det problematisk at ikkje alle motsegnssorgan og – interessene er samordna i forsøket.

### Meklingsinstituttet

Motsegnsprosjektet har verknad for talet på meklinger og gjer at desse ikkje lenger er særleg aktuelle. Etter at prosjektet starta 01.09. 2013 er det, som nemnt, funne minnelege løysingar på alle spørsmål som kunne ha enda med ei motsegn. Det har derfor ikkje vore grunnlag for mekling for planar til offentleg ettersyn etter starten for prosjektet.

### Konklusjon

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det er fornuftig å forlenge forsøksprosjektet for differensiert strandsonerforvaltning i Sunnhordland, slik at ein kan hauste erfaringar med den interkommunale planen. Det må vere eit mål at erfaringar med forvaltning etter planen skal evaluerast. Eventuell utviding av forsøket bør først vurderast etter at ein har gjennomført ei endeleg evaluering av prosjektet.

Fylkesmannen i Hordaland synes det også er viktig å sjå handsaminga av dei spørsmåla sunnhordlandskommunane har reist i brevet av 14.03.2014 i samanheng med det arbeidet regjeringa har starta med ei kommunereform. Spørsmål om kvar plankompetansen skal liggja i plansystemet vårt, og omfanget av denne, har klårt samanheng med spørsmålet om etabler-

ing av store nok og robuste nok, dvs kompetente nok, kommunar til å sjå slike planspørsmål i ein større samanheng. No må slike spørsmål løysast innan eit interkommunalt samarbeid. Vi har trua på at med større kommunar, der det er høve til å sjå større geografiske område i samanheng og der plankompetansen og - kapasiteten kan verte styrka, vil det kunne gi grunnlag for ei anna kompetansefordeling mellom kommune og stat, også innan plan- og arealforvaltninga. Det vil også gjelda for kommunane i Sunnhordland.

Med helsing

Lars Sponheim  
fylkesmann

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:

Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	Fitjar
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	Uggdal
Sveio kommune	Postboks 40	5559	Sveio
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	Storebø
Fusa kommune	Postboks 24	5649	Eikelandsosen
Bømlo kommune	Kommunehuset	5430	Bremnes
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Kvinnherad kommune	Rådhuset	5470	Rosendal